

# Alfred reiser offshore

NY BOK!  
KJEM I  
OKTOBER!

## Bli med Alfred Bamse i Nordsjøen!

I denne boka føl vi Alfred frå han reiser offshore til han kjem attende etter 17 dagar.

Vi får vere med han på spennande ting som flytur, helikoptertur, tryggleikskurs, redningsøvingar, til legen, på trening og mykje, mykje meir.

Boka inneheld i tillegg:

- Kart med oversikt over alle plattformer og produksjonsskip langs norskekysten, dei største byane og landingsplassar for helikopter .
- Faktadel der vi på ein barnevennleg måte fortel om livet offshore: Kva er eigentleg hovudoppgåva på ein plattform? Kven og kor mange er det som jobbar her, kor mange kvinnelege plattformsjefar finst det, kan kven som helst reise offshore, kan barn vere med på plattform, må ein gjennom mange skumle testar... osv
- Over 300 foto!

Alfred tek lesaren med på ei reise til eit lite samfunn som er ukjent for dei fleste av oss. Ved å bruke ein bamse som hovudperson er det lett for ungane å identifisere seg med situasjonane.

Boka er informativ, spennande og ein unik dokumentasjon på korleis ein arbeider på plattform. Vi får vere med ulike yrkesgrupper både på jobb, redningsøvingar og fritid.

Sjølv om oljeindustrien er ein av dei største arbeidsplassane her i landet, og veldig mange barn har foreldre, besteforeldre, søsken, tanter eller onklar som jobbar i Nordsjøen, så finst det svært lite bøker om emnet.

Forfattar og fotograf for boka er Kurt Rutledal, som har arbeidd i Nordsjøen og for Statoil sidan februar 1986. Han har jobba på Gullfaks A, Gullfaks C og no Åsgard A. Rutledal er utdanna Automasjonsingeniør, og er Senior ingeniør D&V Automasjon SAS.

**Boka kjem ut i oktober 2010 og vil koste kr 248,-**

Vi tek i mot førehandsbestillingar. Kontakt:

Kurt Rutledal: [kurt.rutledal@eninvest.net](mailto:kurt.rutledal@eninvest.net)

Selja Forlag: [selja@selja.no](mailto:selja@selja.no)

SELJA FORLAG

